

Innkalling – programstyremøte i spansk språk og latinamerikastudium – 06.02.2013

Orienteringssaker:

1. SPLA100
2. Ana Beatriz orienterer om Bolivia-tur og NORHED-prosjekt

Diskusjonssaker:

1. Studieplanendringar.
2. Eksamensdatoar vår 2013.
3. Eventuelt.

To nye vedlegg er komne til:

- Læringsutbyteomtaler master
- Læringsutbyteomtaler bachelor

Studieplanendringar i spansk 06.02.13 – forslag

- SPLA101: - endre til to obligatoriske oppgåver, sidan fonetikken er flytta til SPLA105?
- opne opp for «særskilt eksamen», dvs. privatisteksamen i SPLA101?
- Læringsutbyteomtalar manglar 102, 201/251, 202/252, SPLA301 (sjå eige vedlegg)
- Læringsutbyteomtalar på programnivå (sjå eige vedlegg)
- SPLA251, 252, 253: Stryke setninga: «Det ferdige arbeidet skal leverast i 3 eksemplar ved Institutt for framandspråk.»
Skal denne setninga fortsatt stå?: «Dei som vel to av spanskemna på 200-nivå, kan maksimalt velja eitt av oppgåveemna med 250-kode i same semester.»
- For å unngå mulige saker om plagiat ved at ein student leverer inn igjen same oppgåve på nytt, bør ein vurdere å ta inn følgjande tekst i emne med semesteroppgåve/heimeeksamen/mappevurdering:
- "Ein student har høve til å levere same oppgåva på nytt i fall oppgåva er så omarbeidd at ho kan vurderast som ny. Kandidaten må då
 - a) presentere og gi svar på nye problemstillingar, og/eller
 - b) trekkje inn nytt empirisk materiale (kjelder/data), og/eller
 - c) gjere ein vesentleg endra analyse og tolking av empirien"- ev. på SPLA103, SPLA104, 250-emna + alle emna på 300-nivå.
- Master
 - a. Opptakskrav til master - studieplanane bør kanskje vere endå tydelegare på kva som er opptakskravet til master (kva er "godkjent spesialisering")
«Om kandidaten har studert ved ein lærestad som har krav om minimum 80 studiepoeng med spesialisering/fordjuping, vil dette bli akseptert som opptaksgrunnlag.»
 - b. Faga bør vurdere om ein skal setje som krav at emna må vere fullført før studenten kan levere inn oppgåva.